

4*



Ver med å drøyme fram
Draumeplassen i Solund

torsdag 27. august

4H Sogn og Fjordane

Draumefangardag

I mai vart det klart at Solund og Davik vann konkurransen *Draumeplassen*! Vinnarane får 50 000 kroner, arkitekttenester og prosjekthjelp til å lage ein naturmøteplass.

Torsdag 27. august arrangerer Solund barne- og ungdomsskule og 4H Draumefangardag for å fange opp korleis området kan sjå ut, sett med dei unge sine auge. Det vert delt opp i puljar, og alle må kle seg etter veret.

Same dag kl. **16.30 – 19.30** er alle som vil inviterte til å komme med sine tankar og draumar. Her kan både småbarn, ungdomar, vaksne, familiar og eldre komme og sjå og høyre kva borna ynskjer seg. De får også møte arkitekten som skal få draumane til å feste seg på papir.

Alle som vil er også invitert til å ete *Draumesuppe* på Gjenbruket mellom kl. **15.00 og 16.15**.



Har du høyrte om naturmøteplassane?

Naturmøteplassane er lokale arenaer for natur- og miljøaktivitetar. Møteplassane er opne, tilgjengelege og familievenlege, og er ein fysisk møtestad ved sjøen, på fjellet, i skogen eller på opparbeidde friluftsområde i nærmiljøet. Fleire av naturmøteplassane er universelt tilrettelagt og rettar seg mot mange ulike grupper.

Dei siste fire åra har 4H-klubbane i Sogn og Fjordane i samarbeid med lokalmiljøa bygd 37 naturmøteplassar. På landsbasis har det blitt bygd meir enn 170 naturmøteplassar i 4H sin regi.

Møteplass: Naturen

Prosjektet starta opp hausten 2014 og har som mål å hjelpe nye og etablerte naturmøteplassar i utviklinga. Prosjektet er ein pilot i Norge, og er starta av 4H Sogn og Fjordane i samarbeid med 4H Norge. Samarbeidspartar er Røde Kors, FFO, Jeger- og Fiskarforbundet, Turlag, Naturvernforbundet og Sogn og Fjordane fylkeskommune. *Møteplass: Naturen* er støtta av Gjensidigestiftelsen, Extrastiftelsen, Sogn og Fjordane Fylkeskommune og 4H Norge.

Foto: Hanna deGroot, Geir Aardalsbakke og Åge Avedal.